

Arkivnr: 2017/1849-1

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, Erlend Hofstad, David Aasen Sandved

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | | 22.03.2017 |

Forprosjekt om verdsarvsenter på Bryggen**Samandrag**

Saka gjeld presentasjon av innhaldet i forprosjektrapporten *Verdsarvsenter for Bryggen i Bergen*, utarbeidd av Bymuseet i Bergen, Museum Vest og Stiftelsen Bryggen på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune. I utgreiinga ser ein mellom anna på spørsmål knytt til lokalisering, publikumsbesøk, økonomi og modell for drift med utgangspunkt i dei krav som ligg til grunn i dei nasjonale retningslinene. I si vurdering av kor eit slikt senter bør ligge, vert mellom anna eksisterande infrastruktur og avlasting av Bryggen i høgsesongen, lagt stor vekt på. Skur 8, skur 11 eller eit lokale i frontrekka vert nemnt som særleg aktuelle alternativ. Som modell for drift foreslår prosjektgruppa eit samarbeid mellom musea og Stiftelsen Bryggen. Prosjektgruppa går inn for eit senter med romslege opningstider og eit areal på 400 kvadratmeter. Ei slik løysing er estimert til årlege driftskostnader på 6,7 mill. kr, og her vil det regionale driftstilskot vere 1,8 mill. kr. Ein minimumsmodell med areal på 200 kvadratmeter og redusert opningstider, har estimerte årlege driftskostnader på nær 3,1 mill. kr., der det regionale driftstilskot utgjer 455 000 årleg.

Viktige avgrensingar og avklåringar i forprosjektet gjeld lokalisering av senteret til verdsarvområdet/nærområdet, og at ansvar for drift av senteret er hos Bymuseet, Museum Vest og Stiftelsen Bryggen.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser behovet for etablering av eit verdsarvsenter på Bryggen i samsvar med nasjonal politikk, autorisasjon og regional politikk gjennom «Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025».
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at ein må unngå ein situasjon der vernet av dei framstående universelle verdiane knytt til verdsarvstaden Bryggen vert sett i fare på grunn av slitasje frå publikum. Utvalet meiner at ei etablering av eit verdsarvsenter kan bidra positivt til ein meir berekraftig forvaltning av verdsarven på Bryggen.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek rapporten om *Verdsarvsenter for Bryggen i Bergen* til etterretning, og ber om at Museum Vest, Bymuseet i Bergen og Stiftelsen Bryggen utarbeider søknad for hovudprosjekt.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at oversikt over eksisterande formidling av verdsarvstaden Bryggen vert utarbeidd av musea som eit vedlegg til forprosjektrapporten. Eit hovudprosjekt må gå meir inn på korleis dette kan utviklast vidare i samanheng med verdsarvsenter.

5. Utval for kultur, idrett og regional utvikling støttar forslag om ein driftsmodell som inneber at styringsansvar ligg hos Museum Vest, Bymuseet i Bergen og Stiftelsen Bryggen.
6. Hovudprosjektet må sjå nærare på både den såkalla minimumsmodellen og den ynskte driftsmodellen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.02.2017

Om oppdraget

I Regional plan for museum 2011-2015 «Musea i samfunnet», fekk musea ansvar for formidling av verdsarv. For verdsarvstaden Bryggen gjaldt dette Bymuseet og Museum Vest. Dei to musea fekk til saman 217 000 kr. frå budsjettposten «Verdsarvstaden Bryggen» i 2014 til forprosjekt om verdsarvstad Bryggen. I PS 5/2014 i utval for Kultur, idrett og regional utvikling, står det:

«I den siste Stortingsmeldinga om kulturminnepolitikken, våren 2013, blir det peika på at det er ønskjeleg med verdsarvsentra for kvar verdsarvstad. I fylkeskommunen si fråsegn til Miljøverndepartementet i 2012 har fylkeskommunen støtta dette, og peika på at eit verdsarvsenter gjerne kan vere del av ein allereie etablert institusjon. Fylkesrådmannen rår til at ein i 2014 nyttar midlane frå underposten «Verdsarvstaden Bryggen» til å gjennomføre eit forprosjekt der ein i tråd med Regional plan for museum undersøker korleis Museum Vest og Bymuseet i Bergen kan ta ansvar for eit verdsarvsenter for verdsarvstaden Bryggen.»

Rapporten *Verdensarvsenter for Bryggen i Bergen* er eit svar på dette oppdraget.

Bryggen i Bergen kom på UNESCO si liste over natur- og kulturarv i 1979. Ei undersøking av talet på besøkjande i passasjane på Bryggen viser totalt 1, 49 mill. registrerte tellingar i 2016. Til istandsetjing av Bryggen har det i fleire år vore løyvd vesentlege statlege midlar slik at verdsarvstaden kjem på eit nivå som er i samsvar med kulturminnet sin høge status, og at ein etterkvart når eit nivå med vanleg vedlikehald.

Verdsarvpolitikk

Den nasjonale verdsarvpolitikken omfattar skiping av verdsarvråd, verdsarvsenter og koordinatoroppgåver.

I 2015 fekk tre verdsarvsområde autorisasjon frå Klima- og miljødepartementet som verdsarvsenter: Bergkunsten i Alta, Vestnorsk fjordlandskap ved Geirangerfjorden og Vegaøyan. Gjennom autorisasjon skal ein sikre at senteret oppfyller visse krav. Retningslinjer definerer formålet med verdsarvsenter, kor dei skal lokaliserast og kva innhaldet skal vere.

Formålet til verdsarvsenter er: «Verdensarvsentrene skal spre kunnskap og skape oppmerksomhet om de framstående universelle verdiene til norske verdensarvområder, gi forståelse for hvorfor disse skal tas vare på og sette den norske verdensarven inn i et internasjonalt perspektiv. Tydelig formidling skal bidra til god besøksforvaltning, gode opplevelser og styrket ivaretagelse av verdensarven. Sentrene skal bidra til lokal, bærekraftig verdiskaping gjennom måten de drives på og styrke den lokale forankringen av verdensarvbeidet.»

Om målgrupper står det: «Sentrale målgrupper for verdensarvsentrene er lokalbefolkning fra småbarn til pensjonister, og besøkende fra inn- og utland. Særlig viktig er grunnskolen og videregående skole.»

For lokalisering gjeld: «Et verdensarvsenter skal lokaliseres der det er tilstrekkelig besøksgrunnlag, og der det er god infrastruktur og muligheter for positive ringvirkninger. Det skal være det viktigste informasjons- og formidlingspunktet for verdensarvområdet. Ideelt sett bør senteret lokaliseres i eller i nærheten av verdensarvområdet slik at innfallsporten til det aktuelle området er tilgjengelig fra senteret. Unntaksvis kan det ved verdensarvområder som består av flere store delområder med stor geografisk avstand og høyt besøk være behov og grunnlag for autorisasjon av flere verdensarvsentre. Unntaksvis kan et verdensarvsenter også representere flere norske verdensarvområder. Lokaliseringen av senteret må aldri være slik at de framstående universelle verdiene svekkes. Det forutsettes en god dialog og et godt samarbeid med lokale aktører.»

På statsbudsjettet for 2015 kom det første gang midlar til drift av verdsarvsentre. Staten har også løyvd midlar til etablering av sentre. Rapporten *Verdensarvsenter for Bryggen i Bergen* gir ikkje full oversikt over dei statlege løyvingane til etablering.

«Regional plan for kultur 2015-2025» har ei satsing på verdsarvsenter og verdsråd.

I Bergen kommune er det Byrådsavdelingen for byutvikling ved Byantikvaren som har hovudansvar for oppfølging av verdsarven lokalt. I 2013 kom vedtak om å opprette ei stilling som verdsarvkoordinator. Byrådssak 1557/13 inneheld oversikt over kva oppgåver ein slik koordinatorfunksjon skal ha, som til dømes:


informasjon mellom dei lokale, regionale og nasjonale aktørane, organisasjonane og mynde, koordinere rapportering, ha oversikt over verdsarvområdet, melde frå når verdsarvverdiar er truga, bidra til å gjennomføre planen for forvaltning, vere orientert om status og bidra aktivt i formidlinga.

Undervegs i arbeidet har prosjektgruppa hatt møte med Fylkeskonservatoren og Bergen kommune/Byantikvaren. Lokal forankring, avlastning for verdsarvbygningane, supplement til formidling av verdsarven, er blant dei vektlagde momenta.

Besøksforvaltning

Verdsarven er ein av de aller sterkaste grunnane til at turister kjem til Bergen. Opplevinga av eit besøk på Bryggen i høgsesongen kan på sikt få negative konsekvensar for Bergen som besøksmål. Med dette følger også konsekvensar for verdiskapinga knytt til dei mange næringslivsaktørane som er retta mot turismen. Det å forvalte besøk på ein berekraftig måte og formidle kva som ligg i verdsarven sine verdiar for turistane, er også i tråd med UNESCO sine mål.

Besøkende Bryggen, passasjer



Illustrasjon frå Stiftelsen Bryggen med målingar i passasjane inn til verdsarvområdet (besøkande til musea på Bryggen er ikkje rekna med her).

Formidling

Hordaland fylkeskommune har gjennom fleire år hatt ei satsing på formidling av Bryggen og verdsarvstaden gjennom Museum Vest og Bymuseet i Bergen. Hausten 2016 vart digital formidling med QR-kodar på Bryggen lansert. Fylkesrådmannen saknar ein meir heilskapleg presentasjon av formidlinga i rapporten. Ei slik oversikt bør musea etablere som eit vedlegg til forprosjektrapporten. Korleis etablerte opplegg og erfaringar med desse kan utviklast vidare inn i arbeidet med eit verdsarvsenter, bør deretter vurderast i hovudprosjektrapporten.

Økonomi

Eit verdsarvsenter kan søkje om tre ulike tilskot frå Miljøverndepartementet:

1. Midlar til dagleg drift
2. Midlar til utstilling og andre formidlingsoppgåver
3. Midlar til utvikling av eit utvida publikumstilbod til sentre med størst potensiale til å nå breie målgrupper i bærekraftig verdiskaping og i samarbeid med reiseliv eller andre eksterne aktørar

For alle tilskotsformer vert det føresett lokal medfinansiering på minst 40 %, anten gjennom lokalt/regionalt offentlig tilskot eller eigeninntekter.

Bergkunstsenteret i Alta får i ein femårsperiode driftstilskot på 1,8 mill. kr årleg frå staten. I tillegg har dei fått prosjekttilskot frå staten. Rapporten seier lite konkret om kva senteret har fått i tilskot frå staten til etablering. Verdsarvsenteret for vestnorsk fjordlandskap får årleg driftstilskot frå staten på 1,8 mill. kr. I tillegg har senteret fått prosjektstøtte til utstillingar i 2015 og 2016 på til saman 850 000 kr. Senteret har fått midlar til verdsarvsenterfunksjon, i alt 7,2 mill. kr frå staten. Verdsarven i Vega mottar årleg driftsstøtte frå staten, i 2017 1,8 mill. kr. Kor mykje staten har gått inn med av investeringskostnader på nær 40 mill. kr, kjem ikkje klårt fram i rapporten.

I 2017 er det lagt opp til autorisasjon av verdsarvsenter på Røros og Rjukan, truleg med 1, 8 mill. kr kvar i statleg driftsstøtte og 500 000 kr i utstillingar. Det ligg føre planar for Urnes stavkyrkje og Struves meridianbue.

Driftsmodellen

Rapporten foreslår ein driftsmodell som inneber samarbeid mellom musea og Stiftelsen Bryggen, anten ved at ein organisasjon etter avtale vert delegert drift av senteret eller gjennom oppretting av eit selskap som kjøper driftstenester frå ein eller fleire av partane. Dette vil sikre ein meir heilskapleg og samordna formidling av Bryggen, ein vil få betre regulering av besøkjande på Bryggen, driftskostnader og inntekter kan delast mellom partane, og kapasiteten ved eksisterande institusjonar kan nyttast betre. Ein driftsmodell knytt til musea er i samsvar med «Regional plan for kultur 2015-2025».

I det vidare prosjektarbeidet må ein greie nærare ut om driftsmodellen, fordeling av kostnader og oppgåver mellom aktørane. I rapporten legg ein vekt på at Verdsarvkoordinatoren bør knyttast tett til senteret. Oppgåver knytt til forvaltning og drift av senteret må haldast separat.

Rapporten har med to alternativ for drift, ein minimumsmodell og den ynskte driftsmodellen. Tabellen under viser forskjellar i areal, opningstider, lønnskostnader, kalkulert besøk og årlege driftskostnader

| Modell | Areal, kvadratmeter | Opningstid, i timer | Lønnskostnader, i tusen kr | Årleg besøk | driftskostnad, i tusen kr |
|---------|---------------------|---------------------|----------------------------|-------------|---------------------------|
| Minimum | 200 | 1080 | 1 970 | 50 000 | 3 060 |
| Ynskt | 400 | 2880 | 4 020 | 100 000 | 6 710 |

Forslag til finansiering av dei to modellane er vist i tabellen under.

| Inntekt | Minimumsmodell | Den ynskte modellen |
|-----------------------------|----------------|---------------------|
| Tilskot departement | 1 800 000 | 1 800 000 |
| Prosjekttilskot departement | 300 000 | 300 000 |
| Hordaland fylkeskommune | 455 000 | 1 805 000 |
| Bergen kommune | 455 000 | 1 805 000 |
| Salsinntekter | 250 000 | 1 000 000 |
| Til saman | 3 060 000 | 6 710 000 |

Tilskot frå stat er det same for minimumsmodellen som for den ynskte modellen. For fylkeskommune og kommune har ein i minimumsmodellen berekna 455 000 årleg frå kvar. Tilsvarende sum i den ynskte modellen er 1,8 mill. kr. Det er stor forskjell i salsinntekter. Dette har samanheng med opningstid og det tilbod som senteret vil gi.

Lokalisering

I rapporten ser ein på tre alternativ for lokalisering:

1. Verdsarvområdet: Bygningane er freda og i Stiftelsen Bryggen si eige, delvis andre private aktørar. Ulike alternativ er mellom anna: I frontrekka, i sjølvne bygningsmassen, dei indre frittstående bygningane i mur eller tre, nybygg på branntomta i Holmedalsgården.

2. Nærområdet: Prosjektgruppa har vurdert bygningar i offentleg eige eller som har ein funksjon knytt til formidling. Havnevesenet sitt skur 8 og Havnevesenet sitt skur 11 vert vurdert som mest aktuelle i dette området.
3. Aksen Vågsbunnen-Bergenhus. Området har historisk tilknytting til verdsarvområdet.

I drøftinga legg ein mellom anna vekt på utnytting av eksisterande infrastruktur representert ved dei etablerte institusjonane, særleg Bryggens Museum. Omsynet til bygningsmiljøet gjer at ein bør unngå at publikum må gjennom passasjane på Bryggen for å komme fram til senteret. Lokalisering mot Vågen i skur 8 eller 11 vil oppfylle desse føresetnadene. Det same vil eit frontlokale i Verdsarvsområde. Skur 8 er ein større bygning som gir fleire moglegheiter og ikkje er freda. Skur 11 er freda.

Oppsummering

Med rapporten har prosjektgruppa ført arbeidet med verdsarvsenter på Bryggen i Bergen fleire skritt vidare. Verdsarvsenter er ei nasjonal satsing. Detaljerte, nasjonale retningslinjer er grunnlag for autorisasjon som verdsarvsenter. Retningslinene er rammeverket i det arbeidet som prosjektgruppa presenterer for Bryggen. Ein har sett på korleis senteret kan nå fleire publikumsgrupper og utnytte eksisterande arenaer for formidling gjennom lokalisering i verdsarvområdet/nærområdet. Eit viktig prinsipp har vore at senteret skal avlaste dei indre delane av Bryggen. Prosjektgruppa foreslår ein modell for drift der musea og Stiftelsen Bryggen samarbeider.

Fylkesrådmannen vil for det vidare arbeidet foreslå at prinsippet om lokalisering i verdsarvområdet/nærområdet og ein driftsmodell der musea samarbeider, ligg fast. I diskusjon om storleiken på senteret, omtalt som minimumsmodell og den ynskte driftsmodellen, ser fylkesrådmannen behov for at ein går vidare med begge alternativa. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune må også koplust tettare på den delen av prosessen i hovudprosjektet.